



Statens vegvesen

Referat

Dato: 24.06.2022
Tid: 1200 -1315
Referent: Nils Inge Romarheim

Saksbehandler: Nils Inge Romarheim
Tlf. saksbeh. 906 59 309
Vår dato: 11.07.2022

Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

| | |
|-------------|--|
| Møtenr: | 5-2022 |
| Stad: | Teams |
| Møteleiar: | Tore Johan Øvstebø |
| Til stades: | <u>Styringsgruppe:</u> Tore Johan Øvstebø, Vebjørn Krogsæter, Anders Riise, Kristin Sørheim, Ove Nesje, Cathrine Helle-Tautra (For Kjetil Strand). <u>Sekretariatet:</u> Liv Kjersti Finholt, Sunniva Ullavik Erstad, Nils Inge Romarheim. <u>Andre:</u> Marius Maske, Olav Johannes Megrund, Kjetil Sporsem, Jørjan Mentzoni Eilertsen, Marit Krekvik, Miroslav Vasilev, Hilde Johanne Svendsen. |
| Forfall: | Eva Vinje Aurdal, Øystein Tvedt, Kjetil Strand, Torbjørn Vatnehol. |
| Kopi til: | Carl Johansen. |

| Punkt | Sak | Ansvar / Frist |
|-------|---|----------------|
| 1 | <u>Innleiing ved leiar for styringsgruppa.</u> Tore Johan Øvstebø innleia møtet. | |
| 2 | <u>Orientering om passeringstak for takstgruppe 2.</u> I vedtatt takst- og rabattsystem for bypakka, ligg det inne passeringstak for takstgruppe 1, men ikkje for takstgruppe 2. Det har kome reaksjonar frå transportnæringa på at det ikkje er passeringstak også for takstgruppe 2. Statens vegvesen vil utgreie spørsmålet og vurdere eventuelle følgjer for finansieringa av bypakka om ein innfører eit tak for takstgruppe 2. Ein er i dialog med Vegdirektoratet, som vil gjere ei vurdering av korleis prosessen blir. | |

| Punkt | Sak | Ansvar / Frist |
|-------|---|-------------------|
| | <p>Målsettinga er å kome tilbake til saka til møtet i styringsgruppa i august.</p> <p>Kommunen og fylkeskommunen må vurdere på kva nivå ei eventuell beslutning om passringstak skal handsamast.</p> <p>Styringsgruppa tek saka til orientering.</p> | |
| 3 | <p><u>Orientering om status for prosjektet Snuplass Slinningen.</u></p> <p>Jørar Mentzoni Eilertsen orienterte om status for prosjektet.</p> <p>Framdrifta på prosjektet er noko forsinka ut frå det ein tidlegare hadde tenkt. Det vil ikkje stå ferdig til oppstart av bompengeinnkrevjing i august, men er planlagt ferdigstilt i oktober. Prosjektet har ei styringsramme på 4,5 mill. 2022-kroner. Det er stor usikkerheit knytt til kostnadsoverslaget som ligg til grunn for denne ramma. Tilbodsfrist er i starten av juli, og ein vil då få sjå korleis ein ligg an i høve til styringsramma som er satt. Det er ikkje usannsynleg at ein vil gå over ramma.</p> <p>For at ein skal halde framdriftsplanen er det nødvendig med kontraktsinngåing i starten av august. Prinsipielt er det styringsgruppa som må ta beslutning om ei eventuell endra ramme for prosjektet. Styringsgruppa legg derfor opp til at det vert kalla inn til eit ekstra møte i sommar for å handsame saka, om tilboda som kjem inn gjer dette nødvendig.</p> | |
| 4 | <p><u>Orientering om kommunikasjonstiltak før innkrevjingsstart.</u></p> <p>Sunniva Ullavik Erstad orienterte om kva kommunikasjonstiltak som er iverksett og kva tiltak som vil bli gjennomført før innkrevjingsstart.</p> <p>Ein er i gang med å laga ein bompengebrosjyre som i starten av august vert distribuert til alle husstandar i Ålesund, Sula og Giske. Denne vil innehalde nødvendig bompengeinformasjon for trafikantane.</p> | |

| Punkt | Sak | Ansvar / Frist |
|-------|---|-------------------|
| 5 | <p><u>Prisstigning – Korleis vert dette handtert i Bypakke Ålesund og i det etablerte systemet for bompengeinnkrevjing.</u></p> <p>Nils Inge Romarheim gjekk gjennom korleis prisstigning vert handtert i Bypakke Ålesund.</p> <p>På inntektssida har ein ei innkrevjingsperiode på inntil 15 år og ein gjennomsnittstakst på 19,50 kroner. Denne gjennomsnittstaksten vert nytta for å justere grunntakstane slik at gjennomsnittstaksten vert som føresett ved endringar i trafikksamsetninga. I tillegg kan ein justere grunntakstane i tråd med konsumprisindeksen.</p> <p>På kostnadssida vert ramma for bypakka årleg justert i tråd med byggekostnadsindeksen. Denne kostnadsauken vert fordelt i tråd med indeksen på dei ulike finansieringskjeldene, slik at kvar enkelt finansieringskjelde si del av finansieringa er uendra.</p> <p>Byggekostnadsindeksen kan avvike frå konsumprisindeksen (KPI), og slik det ser ut no, vert han ved neste fastsettjing høgare enn KPI. Dette vil isolert sett gje auka nedbetalingstid, utover dei 12 åra som er berekna.</p> <p>Ei eventuell kostnadsauke utover ramma for bypakka, eller ein inntektssvikt slik at ein ikkje klarar å finansiere ramma innanfor 15 år med gjennomsnittstakst på 19,50 kroner, skal handterast ved kutt i porteføljen.</p> | |
| 6 | <p><u>Forslag til møtekalender for hausten.</u></p> <p>Styringsgruppa fastsette følgjande møteplan for hausten:</p> <ul style="list-style-type: none"> - 19. august. - 16. september. - 28. oktober. - 9. desember. | |
| 7 | <p><u>Eventuelt.</u></p> <p>Fylkeskommunen har inngått kontrakt for strakstiltak for sykkel og trafikktryggleik. Tiltaka har ei styringsramme på 12,8 mill. 2022–kroner, og ein vurderer med inngått kontrakt å vere innanfor denne ramma.</p> | |